# Norway Cup: Tre lag til A-sluttspel.

28.07.2015



Imponerande innsats av G14-laget. Jaran J. Eide(nr.2 f.h. framme), Harald M. Lekva(nr.6 f.h. bak) og Sander Myklebust(nr.2 f.h. bak) er uskedelingane på laget.

**Dei innleiande kampane i Norway Cup vart avslutta i dag, og no er det klart for sluttspel der dei 2 beste laga kvar pulje går til A-sluttspel medan dei 2 resterande får spela B-sluttspel. Vi fekk 3 av dei 8 laga med i A-sluttspel, medan resten dermed spelar B-sluttspel.**

Dagens kampar gav 5 sigrar, 1 uavgjort og 3 tap etter følgjande resultat:

- G16: Roterud2 - R/U2 0 - 8
- G14: R/U - KFUM-kam Oslo2 1 - 0
- G13: Minde - Rosendal 1 - 2
- J14: Rosendal - Hamna blå 0 - 7
- J13: Skade - R/U1 2 - 1
- G16: RIU1 - Rising Star FA 0 - 5
- J13: R/U2 - Keflavik 2 - 0
- G19: Rosendal/Trio/Halsnøy - Lillestrøm1 2 - 2
- J14: Christ the King IS - Rosendal 0 - 5

Dette resulterte at Rosendal/Uskedal1 i G16 og Rosendal/Uskedal i G14 gjekk vidare til A-sluttspel i tillegg til Rosendal sitt lag i G13.

G16-laget imponerte ved å kvalifisera seg gjennom 3 storsigrar. Likevel er det grunn til å merka seg prestasjonen til G14-laget. Dei spela 11`ar, og det er ei vanleg oppfatning at konkurransen er hardare i dei klassane. Gratulerer til alle 3 laga med A-sluttspel. Dei andre laga har også gjort ein strålande innsats.

Det vert spennande å følgja alle laga utover i veka.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kvinnheringen